

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.03.2017

Vår ref.: 201503081-20

Arkiv: 312 / 099.2B

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Rune Moe

22959315/rmo@nve.no

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til fire småkraftverk i Norddal kommune i Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje fire småkraftverk i Norddal kommune. Søknadane skal handsamast samstundes og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Fossheim kraftverk – Fossheim kraft (SUS)

Grunneigarane vil nytte fallet i Herdøla mellom kote 130 og kote 55. Herdøla er del av det verna Norddalsvassdraget. Det er planlagt å byggje eit Coandainntak som er ca. 25 m langt og 2,5 m høgt. Tilløpsrøret har diameter 1000 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 770 m. Det søkjast om bygging av opptil ca. 100 m ny veg.

Middelvassføringa ved inntaket er 3,15 m³/s og hovudalternativet i kraftverksplanane er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1,66 m³/s. Det søkast også om eit redusert alternativ med slukeevne på 1,55 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 6,0 GWh, ved største alternativ. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 900 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring lik 5-persentilnivå på 1155 l/s sommartid (1.5-30.9) og 240 l/s resten av året.

Dyrdøla kraftverk – Dyrdøla kraft (SUS)

Grunneigarane vil nytte fallet i Dyrdøla mellom kote 180 og kote 55. Dyrdøla er del av det verna Norddalsvassdraget. Inntaksdammen er planlagt ca. 17 m lang og opptil 4 m høg. Tilløpsrøret har diameter 700 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 780 m. Det søkjast om bygging av ca. 200 m ny veg for åtkomst til inntak og kraftstasjon frå eksisterande vegar.

Middelvassføringa ved inntaket er 1,46 m³/s og hovudalternativet i kraftverksplanane er planlagd med ei maksimal slukeevne på 875 l/s. Det søkast også om eit redusert alternativ med slukeevne på 700 l/s. Det er òg planlagt å bygge nytt vassverk i kombinasjon med kraftverket. Vassforbruket her vil vere

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

ytterlegare 25 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 5,5 GWh, ved største alternativ. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 740 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring lik 5-persentilniva på 625 l/s sommartid (1.5-30.9) og 240 l/s resten av året.

Rødøla kraftverk – Tafjord Kraftproduksjon AS

Tafjord Kraftproduksjon AS vil nytte fallet i Rødøla mellom kote 540 og kote 451. Det er planlagt å byggje eit Coandainntak som er ca. 15 m langt og ca. 2,5 m høgt. Det søkes også om å overføre en sidebekk via en kanal til inntaksdammen. Tilløpsrøret har diameter 1200 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 750 m. Det søkjast om bygging av ca. 20 m ny permanent veg, medan mellombels veg er anslått til ca. 500 m.

Middelvassføringa ved inntaket er 1,12 m³/s og hovudalternativet i kraftverksplanane er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2,53 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,95 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 5,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 770 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei tredelt minstevassføring på 360 l/s i juli- august, 120 l/s i mai, juni og september, og 40 l/s resten av året. Til samanlikning er 5-persentilverdiane 360 l/s og 40 l/s for høvesvis sommar og vinter.

Myklebust kraftverk – Myklebust kraft (SUS)

Grunneigarane vil nytte fallet i Myklebustelva mellom kote 225 og kote 80. Myklebustelva er del av det verna Valldalsvassdraget. Det er planlagt å byggje eit Coandainntak som er ca. 15 m langt og 2 m høgt. Tilløpsrøret har diameter 800 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 2000 m. Det søkjast om bygging av opptil ca. 1 km ny veg.

Middelvassføringa ved inntaket er 1,87 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,92 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,97 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på om lag 6,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2100 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring lik 5-persentilnivå på 600 l/s sommartid (1.5-30.9) og 172 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Norddal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget på Norddal Rådhus til **01.06.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.06.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Rune Moe
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kunngjering
 Orientering til høyringspartar
 Kart Småkraftpakke Norddal

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Dyrdøla Kraft SUS
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Fossheim Kraftverk
Friluftsrådet for Ålesund og Omland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kystverket Vest
Mattilsynet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Mørenett AS
Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
NHO Reiseliv
Norrdal kommune
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund - Ålesund
Norges Padleforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Tafjord Kraft AS
Tafjord Kraft AS v/Per Kåre Skudal
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

